



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Hovudutval for lokal utvikling
Kommunestyret

Møtedato: Sak nr:
24.01.2017 10/17
13.02.2017 4/17


Saksbehandlar: Nina Bjørke
Arkivsak: 16/3047-37

Arkiv: L13

PLANID 1790 - REGULERINGSPLAN (DETALJ) - NY KYRKJE KLEPPE

Saka gjeld

Planarbeidet skal avklare plassering av ny kyrkje på Kleppe.



Kartutsnitt med reguleringsplan

Planprosess og medverknad

Tidlegare behandlingar

Hovudutval for lokal utvikling vedtok med 8 mot 1 stemme i møte den 18.10.2016, sak 70/16:

Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja forslag til reguleringsplan for PlanID 1790 Ny kyrkje på Kleppe med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 26.9.2016, ut til offentlig ettersyn.



Utlegging til offentlig ettersyn

Reguleringsplanen med bestemmelsar og planomtale var lagt ut til offentlig ettersyn i tida 26.10.2016 til 12.12.2016. Offentleg ettersyn vart varsla i annonse i Jærbladet 26.10.2016, i brev til offentlege instansar, grunneigarar og naboar datert 24.10.2016 og publisert på kommunen si nettside.

Innkomne merknader

Det kom inn seks merknader til planforslaget.

Klepp Energi AS skriv i brev datert 25.10.2016:

Klepp Energi har bare nokre lysmaster og gatelyskabel innanfor planområdet, og har ingen merknader til planen. Ei ev. omlegging/flytting av Klepp Energi sitt straumnett må kostast av utbyggjar.

Kommentar:

Tatt til orientering.

Riksantikvaren skriv i brev datert 22.11.2016:

Riksantikvaren har sendt brev til Rogaland fylkeskommune med kopi til Klepp kommune. Dei viser til brev frå fylkeskommunen med fornya førespurnad om Riksantikvaren vil overta saka om kyrkja som kulturminnemyndigheit. Riksantikvaren viser til at fylkeskommunen deltok på meklingsmøtet 16.1.2015, og nemner vidare at Klepp kommune kontakta Riksantikvaren i juli 2016 angående byggjegrænse for ny kyrkje, der dei bekrefta at dei kunne akseptere byggjegrænsa som var vist. Vidare skriv dei litt om ansvarsfordelinga i kulturminneforvaltninga, og ber om at Rogaland fylkeskommune fortsatt handterer ansvaret som kulturminnemyndigheit i forbindelse med reguleringsplanen for ny kyrkje på Kleppe.

Kommentar:

Tatt til orientering.

Fortidsminneforeningen avd. Jæren skriv i brev datert 23.11.2016:

Fortidsminneforeningen ber om at det gjennomførast ein arkitektkonkurrans for å gje kommunen og myndigheitene breiast mogleg grunnlag for å vurdere utforming og nøyaktig plassering av ny kyrkje. For å oppnå ei heilskapleg planlegging av eit viktig offentlig område for mange generasjonar i fortid og framtid ber dei og om at planen si avgrensing vurderast på nytt, jf. Riksantikvaren si anbefaling om å inkludere eksisterande kyrkje og mellomalderkyrkjegard.

Kommentar:

Plassering av kyrkja er avklart og kommunen har derfor valt å ikkje halde arkitektkonkurrans for dette. Sjå og kommentar til merknad frå Rogaland fylkeskommune på neste side.

Jæren Folkehøgskule skriv i brev datert 28.11.2016:

Jæren Folkehøgskule oppmodar kommunen om å ta parkering under kyrkja med i planen. Alternativt ynskjer dei ein plan der kommunen tek ansvaret for framandparkering på deira eigedom. Dei erfarer at ved større hendingar i kyrkja, parkerer besøkande på deira parkeringsplass, og langs Søren Øretveits veg. Parkering der hindrar utrykkingskøyretøy tilgang til internatet og lærarbustadane. Til slutt peiker dei på at ei ny aktiv kyrkje kanskje bør liggja der det er aktivitet, altså i sentrum.

Kommentar:

Rundt kyrkja er det til saman rundt 75 regulerte og eksisterande offentlege parkeringsplassar. I tillegg kjem parkeringsplasser i gangavstand ved andre offentlege bygg. Ein stor del av dei som soknar til Kleppe kyrkje har gangavstand til kyrkja. Rådmannen vurderer at talet på parkeringsplassar er tilstrekkeleg.

Statens vegvesen skriv i brev datert 30.11.2016:

Statens vegvesen har ingen merknader til planforslaget.

Rogaland fylkeskommune skriv i brev datert 30.11.2016:

Fylkesrådmannen har vurdert saka som regional planmyndigheit og som sektormyndigheit innan kulturminnevern.

Regionalplanavdelinga har ikkje ytterlegare merknader enn det som har kome fram i løpet av saksprosessen så langt.

Kulturavdelinga har vore i kontakt med Riksantikvaren, og avklart at Riksantikvaren finn plassering av ny kyrkje som no foreslått akseptabel. Kulturminnemyndigheitene vil derfor ikkje forfølge krav i meklingskonklusjonen om arkitektkonkurranse (fase 1) for å avklare plassering vidare. Likevel skulle arkitektkonkurransens fase 1 ikkje bare avklare plassering, men og bygningsvolum. Denne avklaringa er no utsett til arkitektkonkurranse for detaljutforming (fase 2), som utførast etter planvedtak. Konkurransen skal då avklare både bygningsvolum og detaljutforming etter planvedtak.

Kulturavdelinga viser til at Riksantikvaren gav innspel ved oppstart av planarbeidet om at volum og form på den nye kyrkja, gesimshøgde og plassering i terreng måtte utgreiast i det vidare planarbeidet. Fylkesrådmannen påpeikte og ved oppstart av planarbeidet at ny kyrkje må tilpassast eksisterande kyrkje med tanke på plassering i terreng, byggehøgde og volum. Dei skreiv og at dei kulturhistoriske kvalitetane til den eksisterande kyrkja må være premissgivande, og eksisterande kyrkje må ikkje framstå som underordna. Gitt at det skal gjennomførast arkitektkonkurranse for detaljutforming, vil det og vere vesentleg at ny kyrkje får ein utsjånad som tilpassar seg eksisterande kyrkje.

På denne bakgrunnen finn fylkesrådmannen det uheldig at arkitektkonkurranse ikkje er gjennomført før planvedtak, då endeleg avklaring av bygningsvolum samt detaljutforming og tilpassing til eksisterande kyrkje dermed ikkje er avklart, og bare blir styrt av ganske romslege ytre avgrensingar.

Fylkesrådmannen finn likevel ikkje eit klart, formelt grunnlag i meklingsprotokollen for å krevje arkitektkonkurransen gjennomført før planvedtak. Fylkesrådmannen fremjar ikkje motsegn til planforslaget, men gir følgjande faglege råd:

- Planvedtak bør utsettes til etter arkitektkonkurransen er gjennomført, og det foreligger et mer konkret forslag til vurdering. Dette for å sikre at utforming av ny kirke etter en kulturminnefaglig vurdering gir en god tilpasning til eksisterende, listeførte kirke.
- Kommunen må vurdere om fylkesrådmannen som kulturmyndighet bør inviteres inn i arkitektkonkurransens jury, uansett om konkurransen gjennomføres før eller etter planvedtak. Dette for å sikre en kulturminnefaglig vurdering av konkurransegrunnlag, ulike bidrag i konkurransen med videre.
- Bestemmelser som styrer utforming og tilpasning må skjerpes, enten med tydeligere krav om tilpasning til eksisterende kirke med tanke på bygningsvolumer, plassering i terreng, formgivning, materialbruk, fargebruk etc. eller gjennom forankring i forpliktende illustrasjoner i forlengelse av en arkitektkonkurranse før planvedtak.

Kommentar:

Rådmannen ønskjer ikkje å utsette planvedtaket til etter at arkitektkonkurranse er gjennomført. Derimot var det ein klar føresetnad frå kommunen at ein reguleringsplan for plassering av kyrkja utanfor aksen til den eksisterande kyrkja skal opne for ein arkitektkonkurranse med minst mogleg restriksjonar for kreativitet. Dette for å gje rom for særpreg og nye tolkingar av kva ei kyrkje kan være, og slik få ei kyrkje på Kleppe som kyrkjelyden og kommunen kan være stolte av.

Det er sett krav i bestemmelsane til at det skal leggjast vekt på tilpassing til karakteren i området slik at dette vil bli ivaretatt sjølv om arkitektkonkurranse haldast etter planvedtak. Denne bestemmelsen er ikkje endra etter 1. gongs behandling av planen då rådmannen ser den som tilstrekkeleg for å sikra at den nye kyrkja får ein god tilpassing til den eksisterande kyrkja.

Omtale av planforslaget

Planforslaget er nærare utgreidd i saksframlegget til 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling i møte den 18.10.2016, sak 70/16 (vedlagt). Plantema som blei utgreidd til 1. gongs behandling blir ikkje gjenteke her. I saksbehandlinga til 2. gongs behandling skal vi berre vurdere innspel frå offentleg ettersyn og eventuelle endringar av planforslaget som følgje av merknadene. Dette planforslaget er ikkje endra etter 1. gongs behandlinga.

Konsekvensar for kommunen

Kommunen får ei ny og større kyrkje som det er ønske om. Ny kyrkje kjem til å medføre kostnadar for kommunen.

Konklusjon

Rådmannen fremmer med dette reguleringsplan (detalj) for ny kyrkje på Kleppe med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 26.9.2016, til 2. gongs behandling.

Vedlegg:

- Plankart, datert 26.9.2016
 - Bestemmelsar, datert 26.9.2016
 - Planomtale med innkomne merknader og ros-analyse, datert 26.9.2016
- Kopi av 1. gongs behandling i hovudutval for lokal utvikling 18.10.2016, sak 70/16.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for lokal utvikling og kommunestyret med slik tilråding:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, reguleringsplan (detalj) for ny kyrkje på Kleppe med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 26.9.2016.

Hovudutval for lokal utvikling den 24.01.2017 sak 10/17

Einstemmig TILRÅDING:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, reguleringsplan (detalj) for ny kyrkje på Kleppe med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 26.9.2016.

Kommunestyret den 13.02.2017 sak 4/17

Kommunestyret si behandling:

Forslag frå Kjetil Maudal -frp

Tillegg:

Administrasjonen ser på muligheiter og løysingar for å tilrettelegge for fleire parkeringsplassar i nærheten av den nye kyrkja.

Kommunestyret hadde gruppemøte.

Votering:

Det blei først votert over hovudutval for lokal utvikling si einstemmige tilråding som fekk 29 stemmer, 2 stemte mot, Børge Brunnes -v og Marianne Øvregaard -sp.
Forslaget frå Kjetil Maudal -frp fekk 12 stemmer, frp, a og Susanne Horpestad -sp. Forslaget falt.

Med 29 mot 2 stemmer blei vedteke:

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Klepp kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-12, reguleringsplan (detalj) for ny kyrkje på Kleppe med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 26.9.2016.

Rett utskrift, 16.02.2017

Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Utskrift til:
Etat for lokal utvikling